



Arkivnr: 2017/997-1

Saksbehandlar: Karl Viken

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.02.2017
Fylkestinget		07.03.2017

## Budsjett 2017 – endringar – ny gjennomgang av investeringsbudsjettet.

### Samandrag

Ved handsaminga av budsjett for 2017 i desembertinget vart det varsla ny gjennomgang av investeringsbudsjett ved marstinget i 2017. Fylkestinget slutta seg til dette, og i tillegg at nivået på investeringar i økonomiplanperioden 2017- 2020 – målt med gjeldsgraden – ikkje skal overstiga 115%.

Resultatet av gjennomgangen, som vert presentert i saka, legg opp til eit investeringsnivå som gjer at fylkeskommunen held seg under den fastsette gjeldsgradgrensa på 115%.

Den fyrste delen av saka omhandlar justeringar i investeringsbudsjettet som samla reduserer investeringane med 378 mill. kr for perioden 2017 til og med 2020 samanlikna med budsjettvedtaket i desember. I hovudsak gjeld reduksjonen to prosjekt; lågare kostnad for bygging av Åsane videregående skole og lågare kostnad for kjøp av vognmaterieill til bybanen i perioden fram til 2020.

I den andre delen av saka orienterer fylkesrådmannen om nokre aktuelle saker som er under arbeid. Dette gjeld kva verknader investeringane i bybanevogner har hatt for utviklinga i lånegjelda. Ordninga med statlege belønningssmidlar og Byvekstavtalen med staten, som er under arbeid, er aktuelle finansieringskjelder for bybanevognene. Dersom vognmaterieillet kan finansierast gjennom desse ordningane, vil det betre gjeldsgraden og gje fylkeskommunen større handlingsrom på investeringsida.

Om ein ikkje lukkast å få finansiering av bybanevognene som ein del av dei nemnde statlege ordningane, vil det verte vanskelegare å gjennomføre investeringsplanane ein har på samferdsel- og opplæringssektoren. Særleg fylkestinget sitt vedtak i skulebruksplanen har eit krevjande investeringsprogram den komande tiårsbolken.

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden 2017 - 2020 vert justert i samsvar med fylkesrådmannen sitt forslag i saka
2. Fylkestinget har merka seg at investeringsprogrammet no held seg innanfor gjeldsgrad på 115 % i økonomiplanperioden i samsvar med fylkestinget sitt vedtak i samband med handsaminga av budsjettet for 2017.

3. Fylkestinget viser til orienteringa i saka om mogelege statlege finansieringsordningar for bybanevognene og understrekar det viktige i at meir av investeringane innanfor samferdselssektoren vert finansiert innanfor desse ordningane. Dette vil vera avgjerande for kor mykje av komande investeringsplanar ein maktar å gjennomføre. Fylkestinget viser i denne samanhengen til investeringsprogrammet som vart vedteke i skulebruksplanen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 13.02.2017

### Innleiing

I budsjettet for 2017 varsla fylkesrådmannen gjennomgang av investeringsbudsjettet til fylkestinget i mars. Bakgrunnen for den nye gjennomgangen var utviklinga i lånegjelda om investeringsprogrammet i budsjett 2017 og økonomiplanperioden 2017-2020 skulle gjennomførast fullt ut.

Fylkestinget slutta seg til at ein ved gjennomgangen på fylkestinget i mars skulle halde seg innanfor nivået på 115% – ut heile økonomiplanperioden fram til 2020. Nivået på lånegjelda vert rekna i % av driftsinntektene.

### Betra økonomisk stode

Eit av hovudformåla dei siste åra har vore å betre økonomien til fylkeskommunen. For å oppnå dette har det vore fokus på å stoppe veksten i gjeldsnivået. Dei siste åra har ein i budsjetta innarbeidd fleire tiltak for å snu denne utviklinga;

- Prioritering av avdragsbetaling i driftsbudsjettet. Dette har gjeve ei gradvis og auke i dei årlege avdraga.
- Oppretthalde og gradvis auke driftsfinansieringa av investeringane.
- Innføre stramme driftsbudsjett og ha stor merksemd på budsjettdisiplin gjennom året.

Samla gjev dette ei økonomisk innretning som gradvis vil kunne gje fylkeskommunen ein mindre krevjande økonomisk situasjon.

Utover dei tiltaka og det arbeidet som alt er sett i verk, fann fylkestinget det naudsynt med ein gjennomgang for å redusere investeringsnivået i økonomiplanperioden slik at gjeldsgraden held seg på eit nivå som ikkje overstig det nemnde gjeldstaket på 115 %.

Saka er delt i to der fyrste delen omhandlar gjennomgangen av investeringsbudsjettet og forslag om samla reduksjon av investeringane med 378 mill. kr for perioden 2017 til og med 2020 samanlikna med budsjettvedtaket i desember. I hovudsak gjeld reduksjonen to prosjekt; lågare kostnad for bygging av Åsane videregående skole og lågare kostnad for kjøp av vognmaterieill til bybanen i perioden fram til 2020.

I den andre delen av saka orienterer fylkesrådmannen om nokre aktuelle saker som er under arbeid. Dette gjeld kva verknader investeringane i bybanevogner har hatt for utviklinga i lånegjelda. Ordninga med statlege belønningsmidlar og Byvekstavtalen med staten, som er under arbeid, er aktuelle finansieringskjelder for bybanevognene. Dersom vognmateriellet kan finansierast gjennom desse ordningane, vil det betre gjeldsgraden og gje fylkeskommunen større handlingsrom på investeringssida.

### Gjennomgang investeringane 2017 – 2020

Fylkesrådmannen har gått gjennom heile investeringsbudsjettet etter fylkestinget sitt vedtak på desembertinget for å fanga opp moglege endringar i føresetnadene. Gjennomgangen har sett særleg på prosjekt som er i oppstartfasen, men ein har også hatt gjennomgang av pågåande prosjekt for å fange opp endringar. Hovudfokus har vore på større endringar i føresetnader som pris og tidsplan, som igjen kan gje monaleg økonomisk effekt.

Fylkesrådmannen foreslår å redusere løyvingane til prosjekta Åsane videregående skole, Askøy videregående skole og investeringar i nye bybanevogner samanlikna med det vedtekne budsjettet og kjem nærare attende til dette nedanfor.

Fylkesrådmannen har arbeidd med å få til ei løysing med forskottering av midlar til utfylling av steinmassar i Store Lungegårdsvann innanfor akseptable økonomiske rammer og foreslår at det vert sett av 40 mill. kr til dette i 2017. Det vert lagt opp til at summen vert refundert i 2018 som ein del av Byvekstavtalen.

Samla reduserer dette investeringane i økonomiplanperioden med 378 mill. kr fordelt slik på dei nemnde prosjekta:

Tal i heile tusen	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Totalt 2017- 2020
<b>Opplæring</b>					
Åsane vgs	-	-30 000	-40 000	-30 000	-100 000
Askøy vgs	-	-	-	-58 000	-58 000
<b>Endring opplæring</b>	<b>-</b>	<b>-30 000</b>	<b>-40 000</b>	<b>-88 000</b>	<b>-158 000</b>
<b>Samferdsel</b>					
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	-21 000	-77 000	-9 000	-13 000	-120 000
Bybanen – B4 – utfylling	40 000	-40 000	-	-	-
<b>Endring samferdsel</b>	<b>19 000</b>	<b>-117 000</b>	<b>-9 000</b>	<b>-13 000</b>	<b>-120 000</b>
<b>Sum endring investeringar</b>	<b>19 000</b>	<b>-147 000</b>	<b>-49 000</b>	<b>-101 000</b>	<b>-278 000</b>
Bybanen – B4 – utfylling		-40 000	-40 000	-20 000	-100 000
<b>Nettoendring investering; kostnader og inntekter</b>	<b>19 000</b>	<b>-187 000</b>	<b>-89 000</b>	<b>-121 000</b>	<b>-378 000</b>

Under er justeringane i tabellen nærare gjort greie for.

### Opplæringssektoren

Gjennomgangen av investeringsprogrammet for opplæringssektoren har redusert investeringane med 258 mill. kr i økonomiplanperioden. I dette talet er det i rekna at Bergen kommune dekkar kulturhusdelen av Åsane videregående skole. Fylkesrådmannen er nøgd med dette, og med at endringane i denne sektoren er ein viktig grunn til at ein har lukkast med å halda gjeldsgraden under 115%; slik føresetnaden frå fylkestinget var.

Endringane i opplæringssektoren samanlikna med det som var oppe i desembertinget er følgjande:

*Åsane videregående skole – reduksjon på 200 mill. kr*

Gjennomgangen av dette prosjektet har ført til at kostandene kan reduserast med 100 mill. kr som følgje av betre prisar i marknaden enn lagt til grunn tidlegare og kostnadsreducerande tiltak frå eigedomsavdelinga si side.

Fylkesrådmannen legg vidare til grunn at kulturhusdelen av investeringsprosjektet vert dekkja av Bergen kommune – førebels rekna til 100 mill. kr – til saman ein reduksjon for prosjektet på heile 200 mill. kr. Fylkesrådmannen kjem attende til tilskotet frå Bergen kommune når finansieringsavtalen med kommunen er nærare avklara.

Fylkesrådmannen vil ut frå dette tilrå at ein set i gang bygging av den nye skulen i Åsane, slik som tidlegare planlagd.

*Askøy vidaregåande skole – reduksjon på 58 mill. kr.*

Den nye gjennomgangen har resultert i at den budsjetterte kostnaden i 2020 kan reduserast med 58 mill. kr. Fylkesrådmannen understrekar at det ikkje er reduksjon av kostnaden for prosjektet totalt sett, men flytting av 58 mill. kr frå 2020 til neste økonomiplanperiode. Dette er grunna i noko endra framdrift i prosjektet enn det som tidlegare vart lagt til grunn. Fylkesrådmannen kjem attende til dette i seinare budsjett når planane er nærare avklara.

### **Samferdselssektoren**

Samanlikna med budsjettet frå desember foreslår fylkesrådmannen i denne saka å redusere investeringane i samferdselsektoren i økonomiplanperioden med 120 mill. kr. Desse endringane er gjennomgått nedanfor.

*Bybanevogner – reduksjon 120 mill. kr*

I notat til møte i fylkesutvalet 8. desember 2016 var det lagt opp til at det skal utarbeidast nytt anbod for kjøp av bybanevogner til dei nye byggestega mot Fyllingsdalen og Åsane. Det vil med dette vera trong for mindre midlar til vogninvesteringar dei første åra enn det som var rekna med i budsjettet som vart handsama i desember. Det er venta at anbodsprosessen med å kjøpa nye vogner vil pågå fram til 2019.

Fylkesrådmannen budsjetterer difor no med 70 mill. kr i 2017 til slutføring av forlenging av vognene til byggetrinn 3 – i samsvar med opplegget i desember.

Til oppstart av prosessen med å kjøpa inn nye vogner til byggetrinn 4 mot Fyllingsdalen vert det foreslått sett av 4 mill. kr i 2017 – 21 mill. kr mindre enn tidlegare.

Utover løyvinga på 4 mill. kr i 2017 til nye vogner, er det for åra framover budsjettert slik:

- 2018: 8 mill. kr (77 mill. kr mindre enn i desember)
- 2019: 106 mill. kr (9 mill. kr mindre enn i desember)
- 2020: 103 mill. kr (13 mill. kr mindre enn i desember)

Restfinansiering for vognene til byggetrinn 4 kjem i 2021 med 134 mill. kr.

Samla budsjetterer fylkesrådmannen med 20 mill. kr til innkjøpsprosessen og 336 mill. kr til kjøp av vognene i perioden fram til 2021.

Budsjett for vogninvesteringane til byggetrinn 5 vil fylkesrådmannen koma attende til i seinare økonomiplanar.

Fylkesrådmannen vil understreka at det vert arbeidd med å få finansiering av dei nye vognene inn som ein del av Byvekstavtalen med staten som no er under arbeid og viser til omtale nedanfor. Hovudmålet med dette er å avlaste det fylkeskommunale investeringsbudsjettet for kostnader ved framtidige vogninvesteringar.

*Utfylling Store Lunggårdsvann, forskottering*

Traseen for bybanen til Fyllingsdalen er planlagt å gå langs Store Lungegårdsvann, og for å få til god avvikling av bybanedrifta må det byggast ei steinfylling i vatnet. I bergensområdet er det for tida anleggsarbeid med store mengder steinmassar tilgjengeleg. For å utnytta denne situasjonen og få til rasjonell bruk av steinmassane, er det ønskjeleg å starta utfylling i Store Lungegårdsvann så raskt som råd.

Fylkesrådmannen har arbeidd med å få til ei løysing innanfor akseptable økonomiske rammer. Det er god samfunnsøkonomi i å få steinen på plass med ein gong utan at ein må ty til fordyrande mellomagringar. For å få ned kostnaden i denne tidlege fasen, har Bybanen utbygging delt inn arbeidet i to fasar, der det i første omgang er behov for 40 mill. kr til utfyllingsarbeid.

Byvekstavtalen for bergensområdet er under arbeid. Finansiering av bybanen fram til Fyllingsdalen er dermed enno ikkje ferdigstilt. Med bakgrunn i dette foreslår fylkesrådmannen at fylkeskommunen forskotterer summen på 40 mill. kr til utfylling, slik at ein kjem i gang medan utfyllingssteinen er tilgjengeleg. Fylkesrådmannen legg til grunn at forskotteringa vert teke inn i arbeidet med byvekstavtalen, og budsjetterer dermed at den forskotterte summen vert betalt attende i 2018 som ein del av løyvinga til bybaneprojektet mot Fyllingsdalen.

### Andre sektorar

For andre sektorar med mindre investeringar i økonomiplanperioden; kultur, tannhelse og fellesfunksjonar, foreslår fylkesrådmannen ikkje endringar i høve til det som var oppe i desemberinget, men vil på vanleg måte vurdera investeringsprogrammet i dei årlege budsjetta.

### Gjeldsgrad ved revidert opplegg

Gjeldsgrad er nytta som måltal for å fastsetja nivået på investeringane. Gjeldsgraden er forholdet mellom driftsinntekter og netto lånegjeld. Ved utgangen av 2016 var gjeldsgraden for Hordaland fylkeskommune 109,2%, og denne har vore aukande i mange år. Ved justeringa av investeringsbudsjettet som er føreslått i denne saka, vil gjeldsgraden til Hordaland fylkeskommune stabilisere seg, og halde seg under det vedtekne maksimale gjeldsgradnivået på 115 %. Tabellen under viser dette:

Utvikling i gjeldsgrad 2015 – 2020							
Mill. kr							
		2015	2016	2017	2018	2019	2020
Nye låneopptak			1 405	1 315	891	1 092	842
Avdrag			442	509	578	650	700
Netto lånegjeld	8 448	9 409	10 040	10 353	10 794	10 937	
Netto gjeldsgrad		101,6 %	109,2 %	113,1 %	113,2 %	114,6 %	112,7 %

### Orientering om andre saker

#### *Finansiering av bybanevogner*

Fylkeskommunen har til no finansiert fullt ut kjøpet av 28 vogner, og tilleggskostnaden for forlenging av 20 av desse. Kostnaden for denne investeringa har så langt vore knapt 900 mill. kr. Fylkesrådmannen har ved fleire høve vist til at vogninvesteringane er ein av grunnane til at Hordaland fylkeskommune har høg gjeld samanlikna med andre fylkeskommunar. Dette ettersom ingen andre enn Oslo kommune har tilsvarende investeringskostnader. Med bakgrunn i dette har det vore arbeidd ei tid med å finna andre finansieringskjelder til vogninvesteringane som t.d. belønningsmidlar.

#### *Belønningsmidlar*

Stortinget auka i statsbudsjettet for 2017 summen for belønningsmidlar med 425 mill. kr. Hordaland fylkeskommune er i ferd med å utarbeida søknad til Samferdselsdepartementet som fordeler desse

midlane. Søknadsfristen er 4. mars. Søknaden vert utarbeidd i samråd med Bergen kommune. Fylkesrådmannen legg opp til at det i søknaden vert lagt inn 45 mill. kr til finansiering av bybanevognene. Søknaden om belønningsmidlar vert lagt fram til politisk handsaming i fylkeskommunen i slutten av mars.

Utgangspunktet for summen på 45 mill. kr er at denne dekker vogninvesteringane fram til no, jf. ovanfor, med avskrivningstid på 25 år og 2% årleg rente. Om søknaden om belønningsmidlar vert godkjent, vil summen på 45 mil. kr redusere rente- og avdragsbelastinga tilsvarande. Dette vil isolert sett kunne gje ein reduksjon i gjeldsgraden til fylkeskommunen på 7 til 9 prosentpoeng.

#### *Planlegging/prosjektering av byggetrinn 4 til Fyllingsdalen*

Stortinget har godkjent at det kan nyttast 200 mill. kr til planlegging/prosjektering av byggetrinn 4 innanfor det vedtekte Bergensprogrammet. I budsjettet som fylkestinget vedtok i desember var det sett av 200 mill. kr for 2017 isolert sett, under føresetnad av at Bymiljøavtalen med staten vart inngått tidleg i 2017, og at nytt bompengeopplegg var fastsett i denne avtalen.

Bymiljøavtalen er seinare omgjort til Byvekstavtale, og det har teke lengre tid enn føresett før denne avtalen vert ferdigstilt. Fylkestinget sin føresetnad om at nytt bompengeopplegg skulle vere på plass tidleg i 2017, ligg dermed ikkje føre og fylkesrådmannen foreslår difor at budsjettet vert redusert på dette punktet.

I 2016 vart det brukt vel 60 mill. kr til prosjektering og planleggingsarbeid slik at det innanfor ramma Stortinget har vedteke på 200 mill. kr står att å bruka knapt 140 mill. kr. Bybanen utbygging opplyser at det så langt ser ut til å vere trong for 116 mill. kr til dette arbeidet i 2017 og fylkesrådmannen foreslår difor å redusere budsjettløyvinga til planlegging/prosjektering i 2017 frå 200 mill. kr til 116 mill. kr. Budsjettet vil då vere godt innanfor ramma Stortinget har vedteke om bruk av midlar frå det gjeldande Bergensprogrammet.

#### *Garantiar frå fylkeskommunen*

I ei eiga sak til fylkestinget i mars er det forslag om at Hordaland fylkeskommune garanterer for lån til bygging av Sotrasambandet. Garantisummen er sett til 3 mrd. kr. I samband med sak om godkjenning av rekneskapen for 2016, til fylkestinget i juni, vil fylkesrådmannen gjennomgå dei ulike garantiane f har stilt og vurdera risikobiletet.